

Notat

Saknr: 2023/882-29
Saksbehandler Thorbjørn Aarethun
Dato: 27.09.2023

Til: Vestlandsrådet AU

Frå: Fylkesdirektøren

Konstituering av nytt Vestlandsråd for perioden 2023-2027

På møte i Vestlandsrådet, 24.november 2022, vart møteplanen for rådet i 2023 vedteke. I denne møteplanen er det sett opp rådsmøte, 16.november 2023.

Etter kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023, vil dette møtet evt. bli det konstituerande møte for rådet i perioden 2023-2027. Ein føresetnad for dette er at fylkeskommunane har utpeikt sine medlemmer i rådet i forkant. Når fylkeskommunane har utpeikt sine medlemmer i rådet er funksjonstida for dagens Vestlandsråd ute.

På eit konstituerande møte i rådet vil det vere aktuelt med følgjande program/dagsorden;

- Val av leiar og nestleiar i rådet
- Presentasjon av nye rådsmedlemer og nye fylkesting for perioden 2023-2027.
- Samarbeidsavtalen - rolle og arbeidsform for Vestlandsrådet
- Politisk plattform for Vestlandsrådet
- Vidare arbeid med næringsstrategien
- Møteplan 2024

Rådsmøtet 16.november, kan gjennomførast som digitalt møte. Erfaringsmessig fungerer slike samarbeidsmøter best gjennom fysisk oppmøte og deltaking. Ved gjennomføring av fysisk møte, 16.november, må lokalisering vurderast. Sist rådet var fysisk samla var i Bergen. Sitjande fylkesordførar i Vestland, kallar inn til digitalt eller fysisk møte, der også nyvald fylkesordførar i Vestland skal veljast som leiar ut året 2023.

Dersom det er aktuelt å utsetje møtet til 2024 vil fylkesordføraren i Vestland kalle inn, der fylkesordføraren i Møre og Romsdal skal veljast til rådsleiar for 2024 og leie det konstituerande møtet vidare. I samsvar med samarbeidsavtalen er fylkesordføraren i Møre og Romsdal leiar av rådet for 2024.

For vidare administrativ planlegging vert AU invitert til å drøfte og evt. avklare tidspunkt/lokasjon for neste møte i Vestlandsrådet.